

---

**Til:** Opplæring og helseutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Referanse**  
2014/12371-1

**Dato**  
24.02.2014

## **Studiereise for rektorane ved dei vidaregåande skulane, fagskular og folkehøgskule**

Fylkesdirektør opplæring har godkjent studiereise til Oslo, Akershus og København våren 2014, jf. fullmaktsreglementet pkt 2.8. Målgruppa er rektorane ved dei vidaregåande skulane, fagskulane og folkehøgskulen, samt leiarar på skuleeigarnivå.

Opplæringsavdelinga har kontakta skuleeigarane i Oslo og Akershus om besøk og program 1.-2. april og utdanningsinstitusjonar i København 3.-4. april 2014.

Utøving av skuleeigarrolla og skuleleiarrolla har innverknad på læringsutbytte og fullføring for elevane. Det er avtalt tema med skuleeigarnivået i både Oslo og Akershus i tillegg til skulebesøk. God samhandling og tettare koplingar mellom skuleeigar og skuleleiarar har positiv innverknad på endringsprosessar og skuleutvikling, og studiereisa vil gi innblikk i korleis det vert arbeidd i desse fylka med sikte på måloppnåing og resultatoppfølging.

*Målet* for studiereisa er å

- få felles forståing for korleis ein kan bygge kapasitet, system og samhandling mellom nivåa som bidreg til auka læringsutbytte og fullføring for elevane.
- få betre felles grunnlag for utøving av skuleeigar- og skuleleiarrolla med sikte på skoleutvikling og profesjonsutvikling

*Målgruppe*

Rektorane ved alle skolane i HFK er målgruppe saman med leiargruppa i Opplæringsavdelinga. Fylkesrådmannen og den politiske leiinga v/ Fylkesordføraren og leiaren i OPHE er inviterte til å delta på heile eller deler av programmet.

*Historikk*

Studietur for rektorane er eit tiltak som tidlegare har vore gjennomført kvart tredje år. Studieturane har gitt viktig fagleg påfyll, inspirasjon og tilhøyrsløse til HFK som organisasjon.

### *Bakgrunn for val av reisemål*

Oslo og Akershus er skuleeigarar som har interessante system for samhandling mellom skuleeigar og skulane med tanke på skuleutvikling og auka gjennomføring. I desse fylka finn vi også skolar som har oppnådd gode resultat over tid når ein ser på læringsutbytte og fullføring. Vi legg opp til å besøke eit utval av skolar som kan bidra med relevante erfaringar ut frå våre mål og behov, t.d. fag- og yrkesopplæring, vidareføring av Ny Giv, opplæring for minoritetsspråklege elevar, organisering som 8-13 skole.

Siste del av studieturen vert lagt til København med program knytt til skule-/organisasjons- og profesjonsutvikling, spesielt med blick på leiarrolla og profesjonell undervisning. Vi har arbeidstidsavtale-/organisering og erfaringar med reformene i Danmark som eit relevant tema, samt besøk på skolar, herunder også produksjonsskule.

Eit viktig gjennomgåande perspektiv vil vere stø kurs og langsiktig arbeid, bygging av tillit og kapasitet gjennom kollektiv utvikling og forbetring av praksis. Programmet er variert og siktar inn på tilknytning mellom praksis og forskning. Tema vert knytt til kompetanseplanen pkt 3.1 Leing i skulen, der det m.a. står:

*Ei spesiell og langsiktig satsing på kompetanseutvikling for skuleleiarar er eit sentralt verkemiddel i Kunnskapsløftet. God og kvalifisert oppfølging av nasjonale og lokale kvalitetsvurderingssystem krev høg kompetanse. Det faglege og pedagogiske leiarskapet skal styrkast, og fokus og innhald må vere retta mot leiaraktivitetar som kan medverke til skuleutvikling og auke elevane sitt læringsutbytte. Skuleeigar skal aktivt medverke til å etablere og vedlikehalde ein læringsarena knytt til faglegpedagogisk kvalitetsutviklingsarbeid.*

Tema for studiereisa har dessutan tilknytning til prioriterte område for nasjonalt kvalitetsnettverk: Profesjonell skuleleing og profesjonell undervisning, samt fag- og yrkesopplæring er område som er sentrale for å møte utfordringane knytt til hovudmålet om auka læring og gjennomføring. Strategiar og erfaringar frå reisemåla vil vere relevante og i stor grad overførbare til Hordaland. Studiereisa vil derfor gi eit viktig felles grunnlag for vidare arbeid med skulebasert vurdering, kompetanseutviklingsstrategiar og kvalitetsutvikling.

### *Kostnader og finansiering*

Studiereisa inneber utgifter til reise, opphald, transportutgifter, foredrag og skolebesøk. Ei todagars rektorsamling og ei todagars samling for ca 250 skuleleiarar går ut i vårhalvåret 2014. Gjennom ei slik innsparing frigjer ein eigne midlar til finansiering av studiereisa. Utgiftene for rektorar og leiarar på skuleeigarnivå vert dekte innanfor budsjetttrammene for skolane og for Opplæringsavdelinga.

Godkjenninga er heimla i fullmaktsreglementet 2.8 *Utanlandsreiser*:

*Fylkesdirektørane og fylkestannlegen har fullmakt til å avgjera søknader om utanlandsreise frå tilsette ved eiga avdeling og frå einingane knytt til denne.*

**Program studiereise for rektorar våren 2014** (med atterhald om mindre justeringar av programmet)

Tysdag 1. april Frå kl. 09.30	Onsdag 2. april Avreise til K.havn kl. 17.15	Torsdag 3. april KI 0900-1300
<p>Oslo kommune Møte med representantar frå Skuleeigar: Oppfølging og samhandling mellom skular og skuleeigar. Inndeling i grupper og besøk på ulike skular: Pedagogisk leiing og utvikling på skulenivå for å fremje læring Fyrstikkalleen vgs <a href="http://www.f21.sk.oslo.no/">http://www.f21.sk.oslo.no/</a></p> <p>Kuben vgs <a href="http://www.kuben.vgs.no/">http://www.kuben.vgs.no/</a></p> <p>Nydalen vgs <a href="http://www.nydalen.vgs.no/">http://www.nydalen.vgs.no/</a></p> <p>Ullern vgs * <a href="http://www.ullern.vgs.no/">http://www.ullern.vgs.no/</a></p>	<p>Akershus fylkeskommune Møte med representantar frå skuleeigar: Oppfølging og samhandling mellom skular og skuleeigar. Inndeling i grupper og besøk på ulike skular: Pedagogisk leiing og utvikling på skulenivå for å fremje læring</p> <p>Lillestrøm vgs <a href="http://www.lillestrom.vgs.no/">http://www.lillestrom.vgs.no/</a></p> <p>Mailand vgs <a href="http://www.mailand.vgs.no/">http://www.mailand.vgs.no/</a></p> <p>Sandvika vgs* <a href="http://www.sandvika.vgs.no/">http://www.sandvika.vgs.no/</a></p>	<p>København</p> <p>Inndeling i grupper og besøk på ulike skular</p> <p>Produktionsskolen i Greve og Høje Taastrup <a href="http://www.produktionsskole.dk/">http://www.produktionsskole.dk/</a></p> <p>Yrkesskolen CPH West <a href="http://www.cphwest.dk/da/cph-west/organisation/chefgruppen/Paoc/chefgruppen.aspx">http://www.cphwest.dk/da/cph-west/organisation/chefgruppen/Paoc/chefgruppen.aspx</a></p> <p>Fredriksbergs gymnasium <a href="http://www.frberg-gym.dk/index.php/information/administration">http://www.frberg-gym.dk/index.php/information/administration</a></p>
KI 1600-1800		KI 1400-1600
<p>Felles foredrag på Handelshøyskolen BI, Nydalen «Kilder til og resultater av støttende ledelse» v/ professor Anders Dysvik <a href="http://www.bi.edu/research/employees/?ansattid=a0110086">http://www.bi.edu/research/employees/?ansattid=a0110086</a></p>	<p>Avreise til København</p>	<p>Felles foredrag «Kvalitetsleiing, kvalitetssystem og samhandling» v/professor Claus Nygaard <a href="http://cphlearning.dk/">http://cphlearning.dk/</a></p>